

## Småstjernene glitra!

09.08.2016



Glitrande Småstjerner etter prisutdelinga. Ja, dei underheldt oss som STORE stjerner!

**Småstjerner er eit fast innslag på FestidaGen-showet, og stjernene som deltok i år var alle både særdeles stilige og imponerende flinke. Småstjernene kan vera opp til 12 år.  
- Dette var grådig vanskeleg. Her var langt fleire vinnarar enn deltakartalet tilsa. Alle var jo vinnarar, sa ein av dommarane Vegard Døssland til uskedalen.no etter det var ferdig.**

Det var 5 flotte innslag. Desse vart vurdert av ein dommartrio som i tillegg til trompetisten Døssland bestod av Idol-deltakar Kjersti Guddal Jansson og Halsnøy si songstjerne Tone Lise Jonassen. Beste song/musikk, beste sceneshow og beste antrekk skulle kårast. Vi skjønar godt at dommarane hadde ein vanskeleg jobb etter det vi såg og høyrde.

Det heile opna med flott fiolinspel av duoen Dagny K. Raudstein og Joa S. Kroka i Tir n`a noir. Her er sitat frå ein av dommarkommentarane: 'Veldig fint, imponerende. Fiolin er vanskeleg instrument. Flinke å spela og spelar godt saman. Spelte utanat og var flinke på scenen. Bra kostymer'.

Etter Dagny og Joa si flotte innleiing fulgte 4 gode songinnslag. Vi fekk høyra dette i denne rekkefølge:

- Aragon Thoresen og Dennis Markhus i 'Plystra på deg' av Markus og Martinius
- Norah Hjørnevåg og Linnea Enes i 'Jovial' av Freddy Kalas
- Sol Stene Jansen i 'Bare min'
- Sigri Lekva, Martine Nybø og Karoline Myklebust i Odd Nordstoga sin 'Bestevenn'

Alle imponerte stort, og dommarane hadde det nok vanskeleg då dei sat i lukka rom og vurderte medan Absence Crew hadde ei halsbrekkande og fartsfylt danseoppvisning for publikum. Resultatet vart Sigri, Martine og Karoline fekk premie for beste song/musikk, Aragon og Dennis fekk pris for beste sceneshow medan Norah og Linnea hadde beste kostyme: Men absolutt alle var vinnarar og gav oss ei flott underhaldningsstund.



Dagny og Joa imponerte på fiolin.



Aragon og Dennis, dyktige og energiske gitar fra Valen



Norah og Linnea vann pris for beste kostyme



Sol impnerte og var einaste som opptredde solo.



Sigri, Martine og Karoline var strålende bestevenner!



Dommarane sat godt og flott. Og hadde ein vanskeleg jobb!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Stig Framnes/Festidalen